



- Velkommen til basar på Helgheim søndag ettermiddag, seier ein av eldsjelane bak arrangementet – Gro Hjelmeland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag klokka 16 held ein lang tradisjon fram i Uskedalen: Den årlege basaren i Helgheim til inntekt for skulemusikken.

Basaren har vore halden så lenge som skulemusikken har eksistert og det er sidan 1969. Som alltid før er det spanande om det blir sett ny rekord dette året.

Saman med bingoen er dette den største inntektskjelda til skulemusikken, som i den seinare tid har nådd nye høgder gjennom Brodahl- og Austnes-prosjekta. Men det kostar å ta slike sjumilssteg musikalsk sett og difor er basaren svært viktig..

Han har ikkje minst i dei seinare åra gjeve eit svært godt resultat – i fjor nådde sluttsummen over 37.000. Men eitt år var inntekta over 40.000.

Dette året er det Gro Hjelmeland, Cathrine Haugland, Anne Jorun Kjærland og Svanhild Haugland som sit i basarnemnda og dei kan frista med mange fine gevinstar også dette året. Både foreldre, slektningar og andre har som vanleg vore svært gåvmilde og det er grunn til å venta ein stor basar med tradisjonelt program.

Som skikken er startar han med at musikantane viser kva dei kan og då ikkje minst kva dei har lært i det siste. Deretter kjem sjølve basaren og ein ventar at folk i alle aldrar sluttar opp om han.

Det er ein tradisjon at også unge i Uskedalen finn det spanande å gå på basar og dei sviktar nok ikkje denne gongen heller.

Av Ola Matti Mathisen



Eitt av fleire høgdepunkt i året også for skulemusikken er 17. mai. (Foto: Ola Matti Mathisen)